

VELKOMMEN TIL  
NYTT SKULEÅR!



Kontakklærer i klassen og på trinnet

Miljørettleder i klasse og på trinnet

OSR og sosialrådgjevar

Presentasjon av klassekontaktane og FAU – det kjem ein plan om aktivitetar og førespørsel om at føresette deltek /bidreg før haustferien

Plan for kvelden:

- 20 min her i klasserommet
- Sterk og klar - Psykisk helse for elevar og føresette, frå ca 1825-2000

# Presentasjon

# Utviklingsområdet

- Læringsresultat: Lesing
- Læringsmiljø: Elevmedverknad
- **Læringsresultat:** Lesing - elevane er funksjonelle lesarar. Dette vil koma til syne ved at elevane har god framgang på Nasjonale prøvar og eit godt snitt med tanke på grunnskulepoeng.
- **Læringsmiljø:** Elevmedverknad - elevane opplever skulen som engasjerande og har reel medverknad i vurdering og arbeidsmetodar.


# Rett til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skolen, som er avgjerande.

Meld frå til kontaktlærer evt leiinga om du er bekymra for eigen ungdom eller andre.

Nyttig og god informasjon om regelverket ligg på UDIR – Informasjon til elever og foreldre om skulemiljø



# Nærvær og frávær i skulen

"Det er viktig å tidligst mulig oppdage elever som viser tegn til mistrivsel, og synes skolen er et vanskelig sted å være. Kunnskap og innsikt i tema kan redusere skolefraværet og øke sjansen for at flere lykkes i skolen"

Trude Havik forskar ved Læringsmiljøsentret



# Me må jobba saman:

## Dette gjer skulen

- Lærarane fører fråvær kvar dag.
- Om ein elev ikkje kjem på skulen og skulen ikkje har fått beskjed, tek skulen kontakt med føresette same dag.
- Om føresette har meldt inn fråværet, tek skulen kontakt når fråværet går ut over 3 dagar.
- Om lærarane på trinnet oppfattar signal og/eller fråværmønster som gir grunn til uro, tek dei kontakt med føresette

For elevar som av naturlege årsaker har mykje fråvær, gjeld individuelle avtalar for oppfølging.

## Dette gjer føresette

- Meld frå til skulen om ungdomen din ikkje kjem på skulen ein dag
- Meld frå til skulen om de ser at fråværet går over fleire dagar
- Ta kontakt med skulen om ungdomen din viser vegringsåtferd mot skulen.  
Til dømes: Seier at dei gruar seg til skulen eller fag og situasjonar, får diffuse "vondtar" i magen eller hovud som gjentek seg og/eller går over når skuledagen er godt i gang.
- Ta kontakt med skulen og informer om det er endringar i heimesituasjon, som kan påverka ungdomen i skuletida.

# Me ønsker at føresette....

- Fortsette å følge opp ungdommen både fagleg og sosialt
- informerer skulen om ting som har betydning for ungdommen din sin læring og trivsel
- deltek på foreldremøte og utviklingssamtalar
- følgjer med på informasjon frå skulen
- Framsnakkar skulen



This Photo by Unknown author is licensed under [CC BY-NC](#).

# Skulen vil fortsetje å....

- arbeide for at alle elevane skal **trivast** på skulen
- leggja til rette for at elevane opplever **meistring**
- rettleia elevane slik at dei har god sosial og fagleg **læring**
  
- å framsnakka føresette



# Me forventar at eleven....

- God orden – eleven er på tida, førebudd og følgjer opp arbeidet
- God åtferd - eleven viser omsyn og respekt for andre
- Leverer mobilen inn i mobilhotellet om morgonen (eller helst legg den igjen heima om mogleg 😊 )

# Dokumentasjon på orden og åtferd

- Merknad - negativt ladd. For oss er dette dokumentasjon så me slepp å ta ting på "gefyllen" når karakteren setjast kvart semester
- Det er og informasjon til eleven og dykk om kva eleven må være obs på / jobba med
- Det er ingen regel om kor mange dokumentasjonar som skal til før ein går ned – det kjem an på mykje, blant anna kor alvorleg det er og om eleven over tid viser betring eller ikkje
- Det skal informerast viss eleven står i fare for å gå ned i orden eller åtferd.

# Nasjonale prøver

- Elevar på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Prøvene på 9. trinn er dei same som for 8. trinn, slik at skular kan samanlikne resultat for 8. trinn med resultat frå 9. trinn det same året.
- Hovudregelen er at alle elevar skal delta på nasjonale prøver.
- Elevar med rett til individuelt tilpassa opplæring (før: spesialundervisning) eller rett til særskild norskopplæring kan søkje om å få fritak frå nasjonale prøver.

## Kva bruker me resultata til?

- Lærarane skal bruke resultata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring.
- Kommunar og skular skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.

# Karakterar, vurdering og sånt

Vurdering – formål, rett og plikt

- Undervegsvurdering utan og med karakter
- Halvårsvurdering utan karakter (utviklingssamtaler)
- Halvårsvurdering med karakter (etter 1. og 2. termin)
- Sluttvurdering: Standpunktkarakter/eksamen

Måloppnåing vurderast etter kompetansemåla i læreplanen. Det er viktig at elevane møter til vurderingssituasjonane og deltek aktivt i lærings- og vurderingsaktivitetar.

**På 9. trinn er det standpunkt karakter i Mat og helse + i valfag.**

**Følg godt med på heimesida om klagerett og fristar.**

# Mat og helse

- Kjøkkenet på LUS skal bli oppgradert i løpet av skuleåret
- Lite kull = heil klasse i mat og helse (ingen deling)
- Hugs at elevane skal ha med seg reint forklede og hårstrikk for dei som treng det.
- Vurdering i faget undervegs gjennom heile året.

# Utdanningsval - UTV

- Elevane på 9. trinn har ein time i veka med Utdanningsval (UTV ) - v/ Eva Madeleine Auglend
- Her er nokre nettsider som kan vere nyttig å vite om.
- <https://utdanning.no/>
- <https://www.vilbli.no/nb/nb/no>
- <https://utdanning.no/jobbkompasset/>
- Elles ligger det mange lenker på skulen sine sider under [Rådgjevar](#).
- Fagdager – ein i februar og ein i juni
- Her er det UTV – 1 veke på våren (i løpet av veke 17 og 18)
  - Besøk på vidaregåande skule
  - Arbeidspraksis i bedrift alt etter utdanningsprogram (elev saman med føresette må finne arbeidsplass)

Yrkesrådgjevar er Rita Rosseland Johannesen - ta kontakt med ho om de lurer på noko

# Informasjon til og frå skulen

- Melding på Visma
- Gjerne både faglærer og kontaktlærer (gruppesamtale)
- Viktig informasjon på heimesida vår - abonner gjerne 👍

# Slik vil me ha det på LUS

- Ordenreglane
- Bussreglane

Ligg ute på heimesida – viktig de les dei og snakkar saman med dykkar ungdom om dette.

Merk at frå og med i haust skal mobiltelefonar leggst igjen heime eller leverast inn om morgonen og utleverast ved skuleslutt (evt. når elevane skal ha undervisning vekk frå skulen på slutten av dagen)



# Til slutt....

- Utviklingssamtalane i haust blir i veke 44-46.
- Utviklingssamtalane til våren kjem kring påske.
- Foreldremøte til våren - kontaktlærar og foreldrekontaktane inviterer.
  
- Nasjonale prøvar blir gjennomført veke 37. På 9. trinn er det NP i lesing og rekning.